



# BACHELOROPPGÅVE

**Korleis kan ulike organisatoriske faktorar hemme  
og fremje det miljøterapeutiske arbeidet på ein  
statlig ungdomsinstitusjon?**

av

327 Arnfinn Daniel Folkestad

**How can different organisational factors prevent and promote the milieu  
therapeutic work in a state run youth institution?**

Sosialt arbeid, bachelorstudium

BSV5-300

Mai 2014

## **Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage (Skriv inn tittel)dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

327 Arnfinn Daniel Folkestad

JA  NEI

kandidatnummer og namn

JA  NEI

kandidatnummer og namn

JA  NEI

## **Innhold**

1.0 Innleiing .....	1
1.1 Innleiing & problemstilling .....	1
1.2 Avgrensing .....	1
1.3 Kontekst.....	2
1.4.0 Metode .....	3
1.4.1 Om litteraturstudie.....	3
1.4.2 Kjeldekritikk.....	3
2.0 Miljøterapi som arbeidsmetode & relasjonskompetanse.....	4
2.1 Innleiing til miljøterapi som arbeidsmetode .....	4
2.2 Organisatoriske føresetnadar.....	6
2.3 Teoretisk fundament .....	7
2.4 Utøving av miljøterapeutisk arbeid .....	8
2.5 Andre perspektiv på miljøterapi.....	8
2.6 Relasjonskompetanse.....	9
3.0 Organisatoriske faktorar som kan hemme eller fremje det miljøterapeutiske arbeidet og den gode relasjonen .....	11
3.1 Differensiering av institusjonane .....	11
3.2 Differensiering, erfaringa med "Raymond" .....	13
3.3 Turnus.....	14
3.4 Varigheit på opphold .....	17
3.5 Val av arbeidsmetode.....	18
4. Oppsummering .....	20
5. Referanseliste .....	22

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Innleiing & problemstilling

institusjonsfeltet i Noreg spennar vidt, frå korttidsinstitusjonar med klart metodegrunnlag til tradisjonsrike kollektiv med eklektisk tilnærming og fokus på langtidsbehandling og utvikling av varige relasjonar. Barn og unge i institusjonar er ei sårbar gruppe som vert hamnar i ulike institusjonar alt etter kva paragrafar dei er plassert etter. Er det manglar i heimen og ved den daglege omsorga, vert dei plassert etter Barnevernslova § 4-12 og kjem på ein omsorgsinstitusjon, som har som hovudoppgåve å yte den daglege omsorg til barn og unge som ikkje får tilstrekkeleg omsorg heime. Er det forhold ved ungdommen, som kriminalitet rus eller andre alvorlige åtferdsvanskar, vert dei plassert etter Barnevernslova § 4-24 og 4-26 og kjem på åtferd låg eller åtferd høg institusjonar, som har som primær oppgåve å hjelpe desse ungdommane å verte kvitt sine åtferdsvanskar.

Barne og ungdomsinstitusjonane samt ungdommar som har vore plasserte i institusjonar, har tidligare fått lite interesse av forskarar. Samstundes som feltet har vorte kritisert fordi den forsking som har vore gjort, har vist at det generelt ikkje går bra med dei ungdommane som har budd på institusjon. Ein har difor meint at institusjonar ikkje fungerar optimalt og det er ein av grunnane til at ein i dei seinare år har prioritert å plassere barn og ungdom i fosterheim, framfor i institusjonar.

Eg har hatt praksis på og jobba ved ein statleg barnevernsinstitusjon, og mitt inntrykk er at institusjonar har sine positive sider og kan fungere godt, spesielt i plasseringar med særskrivande ungdom, som kunne vorte ei stor påkjening for ein fosterheim. Men eg oppdaga raskt at det å utøve godt miljøterapeutisk arbeid var krevjande og at det var ulike faktorar som påverka min moglegheit til å utøve det miljøterapeutiske arbeidet, eg undra meg for eksempel over varigheit av opphaldet til ungdommane. Ein gong jobba eg med ein ungdom i ni månader før ho klarte å sitte attmed meg i sofaen å sjå tv, dette var ein siger i vår relasjonsbygging. Dette var ein månad før denne jenta skulle flytte ut og klare seg sjølv. Difor vert problemstillinga mi: Korleis kan ulike organisatoriske faktorar hemme og fremje det miljøterapeutiske arbeidet på ein statlig ungdomsinstitusjon?

### 1.2 Avgrensing

I mi oppgåve byrjar eg med å presentere konteksten, eg skal seie noko om utviklinga i feltet før eg har ein teoretisk gjennomgang av miljøterapi som arbeidsmetode og relasjonskompetanse. Eg tek

utgangspunkt i Erik Larsen si bok om miljøterapi med barn og unge, fordi den er spesifikt retta inn mot den brukargruppa som er representert i mi oppgåve. Eg har også trekt inn anna faglitteratur om miljøterapi, for å sjå kva dei meinar er viktige faktorar for godt miljøterapeutisk arbeid, før eg til slutt i kapittelet har ein gjennomgang av viktige element i relasjonskompetanse, som er grunnmuren i alt sosialt arbeid.

Eg går vidare i oppgåva og skriver om faktorar som kan påverke det miljøterapeutiske arbeidet på institusjonar. Faktorane eg kjem til å gå gjennom er: Differensiering av institusjonar, turnus, varighet på opphold og arbeidsmetode. Eg vil drøfte ulike funn, fordeler og ulemper ved dei enkelte faktorane før eg kort oppsummerar dei funna eg har gjort. Eg skriver med utgangspunkt i ein vanleg statleg ungdomsinstitusjon. MultifunC, kollektiv og private institusjonar vert ikkje drøfta i mi oppgåve.

### 1.3 Kontekst

Barnevernet i Noreg har vore gjennom store endringar det siste tiåret, med forvaltningsreforma som vart innført i 2004. Noko av årsaka til desse endringane kan sjåast i samanheng med New Public Management idelogien, den vert seinare forkorta til NPM, som fekk fotfeste i Europa og dei Nordiske landa på 80 og 90 talet. Effektivisering og kostnadsreduksjonar i offentleg sektor er nøkkelord i denne tenkinga og ein tenkjer seg å oppnå det gjennom: konkurranse, skilje mellom bestillar og utførar, privatisering, frie forbrukarval, effektivitets og resultatorientering, kontraktstyring og strategisk leiing (Hanssen, Helgesen og Vabo, 2011).

Vi fekk ei forvaltningsreform i 2004, der institusjonsbarnevernet vart overført frå fylke til stat, dette førte med seg ei rekke organisatoriske endringar. Åra før reforma, frå 1995 til 2003 var ein førebuingsfase. Ein vart mot slutten av 1990 talet opptatt av utfordringar knytt til det fylkeskommunale barnevernet og institusjonstilbodet. Dårleg tilbod til åferdsvanskeleg ungdom og kostnadsutvikling i institusjonane vart sett på som viktige utfordringar (Backe Hansen, 2011). Det vart også presisert i riksrevisjonens sin kritikk av institusjonar på byrjinga av 2000-talet, at 40 prosent av barna som var plasserte i private institusjonar, ikkje var omfatta av fylkeskommunal plan. Det kom også fram at barn som var plassert etter åferdsparagrafar hyppig vart plassert utanfor eige fylke (Backe Hansen, 2011).

I 2004 vart det nye statlege barnevernet organisert. Det vart organisert i fem regionar, tilsvarende regionane for helsesektoren, desse regionane vert styrt av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet "bufdir". Dei statlege barnevernsmyndighetene leiast av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Det betyr at direktoratet er underlagt statleg resultat og målstyring, på lik linje som andre direktorat.

Dei overordna måla med forvaltningsreforma var å forbetre fagleg og økonomisk styring av barnevernet. Å utvikle likverdige tilbod på nasjonalt nivå, utvikling av fagleg kvalitet og fagleg vidareutvikling av tilboden. Ein ynska også å betre samarbeidet med kommunane og tilgrensande tenester (Backe Hansen, 2011).

## 1.4.0 Metode

### 1.4.1 Om litteraturstudie

Metode er ein prosess eller ein framgangsmåte for å komme fram til ny kunnskap eller for å etterprøve påstandars gyldigheit, sanning eller om den er haldbar (Tranøy referert i Dalland, 2007).

I mi bacheloroppgåve har eg brukt litteraturstudie som metode. Det er ein gjennomgang av relevant litteratur for å poengtere, bekrefte og avkrefte ulike tema innanfor mi problemstilling (Dalland, 2007), som er ulike faktorar som kan hemme eller fremje miljøterapeutisk arbeid på institusjonar. Eg velde litteraturstudie fordi det er ein metode eg har erfaring med frå tidligare oppgåver. Eg meinar det er ein adekvat metode når eg skal sjå på ulike aspekt med miljøterapeutisk arbeid i ein institusjon, då det er mykje litteratur rundt dette fagområdet frå før, som eg kan bruke for å belyse dei ulike faktorane i mi problemstilling.

Eg søkte primært i bibsys og søkjeord eg brukte for å finne relevant litteratur var «institusjon», "barn og ungdom", «tilknyting», «relasjonskompetanse» og «miljøterapi». Eg fekk ikkje så mange treff på mine søk, men det eg fant vurderte eg som relevant. Utover det, fekk eg anbefalt litteratur frå fagpersonar og medelevar.

### 1.4.2 Kjeldekritikk

Eg har nytta to rapportar som er sentrale i mi oppgåve. Den første er Tore Andreassen, behandling av ungdom i institusjonar. Rapporten kom i 2003 og vart bestilt av det Norske og Svenske myndigheter.

Bakgrunnen for bestillinga av rapporten var kjende problem med behandling av ungdom med åtferdsvanskar i institusjon. Og eit mediebilete som var prega av undersøkingar som tyda på lite effekt av institusjonsbehandling. Formålet med rapporten var å lage ei kunnskapsoversikt som byggjer på nordisk og internasjonal forsking. Denne rapporten er relevant for mi oppgåve, men det er metaforskning, eller sekundær litteratur., som betyr at innhaldet er bearbeida og presentert av nokon andre en dei som opphavleg utarbeida teksten (Dalland, 2007). Mykje av det som blir presentert og konkludert med i oppgåva, er basert på internasjonal forsking. Det er andre føresetnadar for ungdommar og institusjonar i til dømes USA en i Noreg. Eg må vere bevisst på dette når eg leser rapporten. Mykje i denne rapporten som kan vere relevant for mi problemstilling, men eg kan ikkje generalisere alle funn i denne rapporten over til mi oppgåve - som omhandlar situasjonen i institusjonar i Noreg i dag. Ein anna faktor ved denne rapporten er at den er 11 år gammal, eg må også vere bevisst på at forhold kan ha endra seg på desse åra.

NOVA- rapporten som vart publisert for å evaluere institusjonstilbodet i Noreg etter forvaltningsreforma i 2004. Mykje av det som kjem fram i denne rapporten er relevant for mi oppgåve, men eg må tenkje over at delar av forskinga som blir vist til i denne rapporten er sekundær litteratur og at rapporten ikkje er uavhengig, den er bestilt av staten for å vurdere kvaliteten på det statlige institusjonstilbodet.

Resten av bøkene eg har nytta er faglitteratur som er knytt direkte opp mot mi problemstilling, og dei er utgitt i seinare år. Eg har difor vurdert desse fagbøkene som gode informasjonskjelder i mi oppgåve. Artikkelen har eg vurdert som relevant for mi oppgåve, og den er fag-fellevurdert.

## **2.0 Miljøterapi som arbeidsmetode & relasjonskompetanse**

### **2.1 Innleiing til miljøterapi som arbeidsmetode**

Eg skal seinare i oppgåva sjå nærmere på ulike faktorar som kan hemme og fremje det miljøterapeutiske arbeidet på statlege ungdomsinstitusjonar. Eg vil difor først gå gjennom kva miljøterapeutisk arbeid er, sentrale trekk ved miljøterapi som arbeidsmetode og gjennomgang av

viktige omgrep - med utgangspunkt i Larsen (2004) sin forståing av miljøterapi. Eg vil også trekke inn teori frå andre forfattarar om miljøterapi, men det er Larsen si forståing som vert hovudgrunnlaget vidare i oppgåva. Vidare vil eg gå inn på relasjonskompetanse, noko som står sterkt i miljøterapi og som er fundamentet i alt sosialt arbeid. Desse gjennomgangane vil seinare i oppgåva verte knytt opp mot ulike faktorar som påverkar det miljøterapeutiske arbeidet ved institusjonar , for å sjå om det er samsvar mellom det teorien seier om miljøterapi og relasjonskompetanse - og handlingsrommet ein har som miljøterapeut ved desse institusjonane

Når ein skal forklare kva miljøterapi er, kan ein dele omgrepet opp i to. Ein har miljødelen, som handlar om strukturering, organisering og tilrettelegging. Og ein har terapidelen, som handlar om endring og utvikling (Larsen, 2004). I ein ungdomsinstitusjon, vil det seie at ein som institusjon og miljøterapeut skal tilrette og skape mogleheter for at ungdommen kan jobbe med sin eigen endring og utvikling.

Eit omgrep det kan vere naudsynt å gå nærmare inn på, og som ein bør vere bevisst på når ein jobbar miljøterapeutisk er behandlingsomgrepet. Det kan vere lett å tenke "behandling" av ungdommane, men som eg tidlegare har skrive, er miljøterapi tilrettelegging og organisering, slik at ungdommane sjølve kan jobbe med sine problem. Larsen meinar derfor ein skal vere varsam med omgrepet behandling når ein tenkjer miljøterapeutisk. Då kan ein tenkje seg at det er miljøterapeutane som skal arbeide med ungdommane sine problem, dei skal fjerne problemet og endre åtferda til desse ungdommane (Larsen, 2004). Det er ungdommane sjølve som skal gjere denne jobben, dei skal fjerne sine problem og endre sin åtferd. Vi som jobbar miljøterapeutisk skal legge til rette og organisere slik at dette vert mogleg. Larsen (2004)er tydleg på at ein skal leggje til rette slik at ungdommane får vere problemløysarane i sitt eige liv.

Men endrings- og utviklingsprosessar er vanskelege og kan til tider vere krevjande. Miljøterapi handlar også om å romme den smarta ungdommane opplever i denne prosessen og vi skal hjelpe dei å bearbeide den. Men ein skal vere forsiktig med å tenkje behandling, for då kan ein gå i den fella at ein vil overta problemet å ordne det. Men det er ungdommen sitt problem, og han/ho skal sjølve vere problemløysaren i sitt liv.

## 2.2 Organisatoriske føresetnadar

Dei politiske avgjerslene og føringane for kva tilbod ein skal gje til risikoutsette ungdommar og deira familiar, utgjer den politiske hovudoppgåva. Den primære miljøterapeutiske oppgåva må ligge innanfor den politiske oppgåva - men den treng ikkje vere identisk. Den politiske hovudoppgåva er løyst når ungdommen kjem til institusjonen. Den primære miljøterapeutiske oppgåva blir skapt når ein transformerer den politiske oppgåva til ei fagleg oppgåve, derfor er det viktig at institusjonen har eit godt og reflektert fagleg syn (Larsen, 2004).

Gjennom eit godt fagleg syn, vil ein kunne seie noko om kva som skal til for at denne ungdommen skal verte i stand til å skape endring og utvikling. Til tross for at det er gjort grundig forarbeid i forkant av ei plassering av ein ungdom, er det institusjonen sine faglege vurderingar som ligg til grunne for det miljøterapeutiske arbeidet (Larsen, 2004).

I praksis vil dette seie at sjølv om barnevernet og fagteamet har gjort mykje forarbeid, forberedt ungdommen på flyttinga og gitt institusjonen mykje informasjon om denne ungdommen og årsaka til flytting. Er det institusjonen sin evne til å bruke eit fagleg blikk og faglege vurderingar når dei skal legge ein strategi for korleis ein skal arbeide opp mot denne ungdommen, som vert sentralt for korleis sluttresultatet kan verte. Dersom dei faglege vurderingane og strategiane ikkje er tydlege nok, fell ein tilbake på den politiske oppgåva, som vert oppbevaring av ungdommen, framfor ein arena for vekst og utvikling.

Det som gir institusjonen legitimitet til å overta familien si omsorgsoppgåve og arbeide med sin primære miljøterapeutiske oppgåve, er at familien til den aktuelle ungdommen ikkje er i stand til å løyse si oppgåve. Dersom familien hadde klart det sjølve, hadde ikkje ein plassering på institusjon vore naudsynt. Larsen (2004, s.26) definerer familien si hovudoppgåve slik "Barna må gis utviklingsrom innenfor tydlige grenser, og det relasjonelle innholdet må vere preget av støtte uten å overta, positive tilbakemeldinger som er realistiske, og ikkje minst aldersadekvate utfordringer. At barnet møter utfordringer som passer til dets aldersnivå er viktig". Når institusjonen overtar familien si omsorgsoppgåve, må den også overta desse oppgåvene.

Ein ser her at denne forståinga viser at målet med familien si hovudoppgåve er at barnet skal vekse opp til å verte eit sjølvstendig og autonomt individ. Noko ein bør vere bevisst på, er at dette er eit verdistandpunkt som ein kan ta for gitt at vi alle har - men det er i realiteten eit vestlig verdistandpunkt. I meir kollektivistisk orienterte familiarar er nødvendigvis ikkje det sjølvstendige individet hovudmålet - men lojaliteten til fellesskapet og familien (Larsen, 2004).

## 2.3 Teoretisk fundament

Miljøterapi som arbeidsmetode tek utgangspunkt i utviklings og barnepsykologi. Det utviklingspsykologiske perspektivet omhandlar nære relasjonar, som forholdet mellom barnet og omsorgspersonar, det å utvikle barnet sin individuelle utvikling, autonomi og aldersadekvate sosiale og praktiske meistringsstrategiar. Barndomspsykologien vektlegg eit sosialpsykologisk perspektiv, der ein har fokus på barnet i møte med andre. Felles for begge perspektiva, er eit grunnleggande syn på kva eit barn er, og korleis dei lærer og utviklar seg (Larsen, 2004). Desse to perspektiva utfyller kvarandre, det kan vere naturleg å tenkje seg at korleis eit barn vert møtt av sine foreldre og nærmaste familie, påverkar korleis dette barnet vil møte til dømes medelevar og personale på skulen. Samstundes som desse vil få påverknad for korleis barnet oppfører seg heime, mot sin familie. Larsen (2004) påpeikar derfor viktigeita av å trekke inn familie og nettverket til ungdommen i det miljøterapeutiske arbeidet. Det institusjonelle er aleine ikkje tilstrekkeleg, det kvardagslege må trekkast inn og være ein del av eit heilskapleg prosess.

Når ein i ein miljøterapeutisk samanheng skal forsøkje å forstå desse därleg integrerte ungdomane som kjem på institusjonen, må ein tenkje at sjølvopplevinga er det som ligg til grunne for at barn og unge utviklar seg. Og korleis eit barn ser på seg sjølv, vert utvikla av dei nære relasjonane dette barnet har hatt gjennom oppveksten. Og korleis barnet ser på seg sjølve, vil også vise seg i måten barnet samhandlar med andre (Larsen, 2004). Øvreeide referert i Larsen (2004) skriver om sjølvbilete og andrebilete. Og at dersom andrebilete er godt nok, vil det aleine kunne vere tilstrekkeleg for at barn og unge utviklar gode sjølvbilete. Dei ungdommane som treng eit institusjonelt tilbod, har ofte vert utsett for vedvarande därlege andrebilete. Dei har gjerne opplevd fleire og vedvarande traumatiske situasjonar gjennom oppveksten. Dei trygge nære relasjonane som andre barn har, har ikkje desse opplevd. Deira nære relasjonar kan ha vore prega av avvisning, vald, uforutsigbarheit og meir.

Konsekvensen av ein slik oppvekst, kan verte det ein kallar for samspeisvanskar. Ein ser det ved at desse ungdommane søker nære relasjonar og tryggleik hjå miljøterapeutane på institusjonen, men fordi dei har så mykje negative erfaringar med seg frå tidligare relasjonar, vil dei kunne utagere og reagere med aggressjon og avvisning. Både for å bekrefte sitt eige negative sjølvbilete, for å teste relasjonen til miljøterapeuten og for å trygge seg sjølv. Det ustabile som ungdommen skaper med sin

utagering, kan opplevast som stabilt for denne ungdommen, fordi det er den forma for relasjonar han eller ho kjenner - og det ein har kjennskap til, er trygt (Larsen, 2004).

## 2.4 Utøving av miljøterapeutisk arbeid

Ein vil forsøkje å arbeide med desse samspelsvanskane på institusjonen. Men det er ei krevjande oppgåve for både ungdom og personale. Fordi tek ein utgangspunkt i Larsen (2004) sin forståing av miljøterapi, er problemet ein skal forsøkje å løyse, ungdommane sin eigen identitet. Dei skal ikkje arbeide med eit problem dei har - dei sjølve er problemet. Og difor er det naturleg at ein vil møte motstand i ein slik prosess, ein forventar at dei skal gje slepp på det dei kjenner, som bekreftar dei og som er kjent - og gje seg ut på noko dei ikkje har opplevd før. At institusjonen og miljøterapeutane har ein grunnleggjande forståing for denne motstanden, er viktig. Samspelsvanskane og motstanden må sjåast som eit resultat av tidligare negative relasjonar, og noko som er normalt for denne ungdommen. Ikkje som noko negativt ved denne ungdommen (Larsen, 2004).

Det er i slike kontekstar, med ungdommar som har utvikla samspelsvanskar, at institusjonen og det miljøterapeutiske arbeidet kjem til sin rett. Ein skal som miljøterapeut tåle og forstå det kaoset og dei vanskane som ungdommen opplever undervegs i sin endringsprosess. Ein skal handtere det på ein fagleg og forsvarleg måte, slik at ungdomen får ein reell sjanse til å utvikle seg i positiv retning (Larsen, 2004).

## 2.5 Andre perspektiv på miljøterapi

Tjersland, Engen og Jansen (2013) beskriver ti sentrale relasjonsferdigheiter som dei meinar er sentrale ferdigheiter ein må ha som miljøterapeut, eg skal presentere nokon av desse.

Det å skape og utvikle kontakt er ein av desse. Det å lese kroppsspråk, fange opp signal i det som vert sagt og gje tilbakemeldingar på det som blir kommunisert på ein slik måte at ungdommen ikkje lukkar seg, men fortsetter å fortelje. Timing er også viktig her, kor tid passar det seg å fokusere på noko - skal ein gå vidare innpå temaet no, eller vente og heller ta det opp seinare. Ein siste sentral ferdighet når det gjeld det å skape og utvikle kontakt er smaltalk, det og ta tak i noko ubetydelig i situasjonen og klare å skape ein samtale. Det å vere sensitiv på tilbakemeldingane ungdommen gjer, er sentralt dersom smaltalk med ungdommar skal kunne utvikle seg til ein samtale(Tjersland et al. 2013).

Det å kjenne seg sjølv er også ein viktig eigenskap i det miljøterapeutiske arbeidet. Mitt nærvær, mine reaksjonsmønster og min historie tilfører noko i relasjonen med ungdomane. Difor er det viktig at ein er bevisst på forhold i det private liv som får betydning for korleis ein er på jobb og korleis forhold i vår eigen personlige historie fargar det vi opplever (Tjersland et al. 2013).

Det å tåle provokasjonar og bli utfordra er ein del av ein miljøterapeut sin kvardag. Det kan vere i form av skjellsord, spytteklyser eller i verste fall ein knyttneve. Normale reaksjonar på slike opplevelingar er sinne, flukt, moralisering, maktkamp eller ein kan verte taus. Enkelte av desse måtane å reagere på er lite hensiktmessige og kan i enkelte høve skape farlege situasjonar. Slik som det å flykte dersom ein ungdom viser aggressjon, kan føre til at ungdommen vert ytlegare aggressiv ved neste konfrontasjon (Tjersland et al. 2013). Det er viktig at ein kjenner seg sjølv og har kontroll over våre reaksjonsmønster i slike situasjonar, ein må granske seg sjølv for å finne ut kva ein har lettast for å gripe til når ein vert provosert, slik at ein kan kontrollere det og reagere på ein adekvat og hensiktmessig måte i møte med ungdommane.

Tolmod er også ein viktig eigenskap. Det ligg naturleg for oss å ville gripe inn, det å fikse, ordne opp og beskytte. Men det er viktig at ein er bevist på desse eigenskapane og held tilbake slik at ungdommane sjølve får prøve seg, slik at dei får prøve å ordne opp sjølve (Tjersland et al. 2013). Utvikling er tidkrevjande og går i bølgjedalar, ein må strekke sin eigen tolmod og ha i fokus at der finnast utviklingsmoglegheiter og vilje til endring hjå ungdommen. Ein kan hente det fram ved å ha uthald, med å lytte på rette måten og legge til rette slik at det kan komme fram (Tjersland et al. 2013).

Tjersland et al. (2013) framhevar engasjement som kanskje den viktige eigenskapen. I engasjement ligg det at ein bryr seg, at ein har tru på den andre og tru på det ein driver med. Når miljøterapeuten pregast av engasjement, kan det ha smitteeffekt både på klienten og kollegaer. Det kan bidra til utvikling og vekst, ikkje berre for den enkelte - men institusjonen som heilskap.

## 2.6 Relasjonskompetanse

Relasjonskompetanse er noko alle menneskjer har og utviklar. I kvardagen er det ein naturleg og nødvendig eigenskap vi alle brukar, for dei dreier seg om å forhalde seg til - og kommunisere med andre menneske. Men som miljøterapeut på ein ungdomsinstitusjon, skal ein bruke relasjonskunnskapen sin på ein annleis måte. Ein er då fagperson, som i ei yrkesrolle handlar og kommuniserer ut frå bestemte overordna mål. Ein har andre forventningar til kvarandre i ein yrkeskontekst, og kommunikasjonen vert påverka og prega av dette. Røkenes og Hanssen (2002, s.7)

beskriver relasjonskompetanse i ein fagleg kontekst slik "forstå og samhandle med de menneske vi møter i yrkessammenheng på en god og hensiktsmessig måte. En relasjonskompetent fagperson kommuniserer på en måte som gir mening, som ivaretar den overordnede hensikten med samhandlingen, og som ikke krenker den andre parten".

Relasjonskompetanse omfattar mykje, og den vil endre seg undervegs i arbeidet med ein ungdom, ein kan dele arbeidet inn i tre delar. Ein skal først klare å etablere ein relasjon til ungdommen, ein skal vedlikehalde relasjonen og til slutt skal ein avslutte relasjonen på ein god og hensiktsmessig måte (Røkenes og Hanssen, 2002).

Når ein skal anvende relasjonskompetanse i arbeidet med ungdommar på ein institusjon, er det faktorar som kan føre til at denne prosessen vert særleg krevjande og viktig. Ein skal etablere kontakt med ungdom som ikkje vil være på institusjonen, dei kan vere der mot si eiga vilje og vil ikkje ha kontakt med deg. Røkenes og Hanssen (2002) skriver at ein del av den profesjonelle relasjonskompetansen er det å ivareta andre sine behov og ignorere sine eigne behov i situasjonen. Det å verte møtt med skjellsord og aggresjon kan vere både sårande og provoserande, i ein privat kontekst ville ein kanskje reagert og irtettesett nokon som svarte slik når ein presenterte seg. Men med eit faglig blikk- og relasjonskompetanse, veit ein at det er bestemte årsaker til at denne ungdommen reagerer med avvisning. Ein har forståing for at denne ungdommen kan ha erfart negative relasjonar med tilknytingspersonar tidligare i livet og derfor vegrar seg for å stole på vaksne. Ein vil derfor møte aggresjonen og avvisninga på ein hensiktsmessig og fagleg god måte.

For å verte ein dyktig miljøterapeut, trenger ein handlingskompetanse, som er den kunnskap og dei ferdigheter eg utøvar på institusjonen. Eg veit at ungdommen trenger faste strukturer og rammer, eg vekker dei om morgonen, ordnar frukosten, kører dei på skulen og liknande.

Men relasjonskompetansen vert minst like sentral. Den vil dreie seg om å kjenne seg sjølv, slik at eg klarar å reagere på ein adekvat måte, dersom ungdommen vert sint og utagerar når eg vekker han. Den vil dreie seg om at eg må forstå ungdommen sin indre kamp, dei faste rutinane som til dømes det å stå opp om morgonen å ete frukost saman er uvante for ungdommen, han vil gjerne ha kontakt med meg, men er ambivalent fordi han har dårlige erfaringar med vaksne frå oppveksten og vil derfor kunne veksle mellom kontakt og avisning som eit resultat av ambivalens og det han vil teste relasjonen til meg, for å finne ut om eg verkeleg er til å stole på. Eg må legge til rette for ein relasjon og kommunikasjon som vert hensiktsmessig for ungdommen, som legg til rette for vekst og utvikling. Den praktiske handlingskompetansen og relasjonskompetansen går hand i hand, og saman utgjer desse den totale yrkeskompetansen (Røkenes og Hanssen, 2011).

## **3.0 Organisatoriske faktorar som kan hemme eller fremje det miljøterapeutiske arbeidet og den gode relasjonen**

### **3.1 Differensiering av institusjonane**

Dei statlege barne- og ungdomsinstitusjonane er i dag delt opp etter ulik målgrupper, ein plasserer ikkje ungdomar tilfeldig i institusjon, men ein har delt opp institusjonane i forskjellige kategoriar, slik at ungdommene som bur der, har relativt lik problematikk. Det er ei politisk målsetting å jobbe mot eit endå betre differensiert tilbod, men i dag er ikkje dett oppnådd.

Ein har reine omsorgsinstitusjonar, der kan vere faktorar i heimen og ved utøvinga av omsorg som fører til at ungdommene ikkje kan bu heime. Dei får ikkje den nødvendige omsorg i sin eigen heim og institusjonen har som primæroppgåve å yte den daglege omsorga for desse barna og ungdommene (Backe-Hansen, 2011).

Ein har også institusjonar som er delt opp i åtferd lav og åtferd høg. Åtferdsforstyrringane er rangert etter kor tidleg i barnet sitt liv det utvikla samspelsforstyrringane. Eit barn som byrjar med avvikande åtferd som lite barn og dette vedvarar når barnet vert ungdom, er eit barn som vil verte plassert på ein institusjon for åtferd høg. Eit barn som viser normal utvikling, men som i ungdomsåra byrjar med avvikande åtferd, er ungdom som vil verte plassert på åtferd låg. Dette er institusjonar for barn og ungdom som har utvikla åtferdsforstyrningar og samspelsforstyrningar, av ulik grad (Backe-Hansen, 2011). Desse ungdommene skal også ha omsorg, men her er det åtferdsforstyrringane ved ungdommen som gjere at dei ikkje kan bu heime. Ein skal legge til rette og støtte desse ungdommene, slik at dei vert i stand til å fungere på ein tilfredsstillande måte i samfunnet, der åtferdsvanskane ikkje skapar vanskar for deira fungering. Behovet for omsorg er sentralt her også, men den primære oppgåva opp mot desse ungdomane, er å betre deira sosiale fungering.

Larsen (2004) skiver at differensiering er ein føresetnad for godt miljøterapeutisk arbeid. Dersom ein skal ha moglegheit til å løyse den primære miljøterapeutiske oppgåva er det naudsynt å differensiere. Dersom ei plassering vert gjort på grunnlag av økonomiske premisser, kan ein ha løyst den politiske oppgåva - som er å gje ungdommen eit tilbod. Men i den miljøterapeutiske primæroppgåva ligg det at ein skal til slutt klare å skape realistiske moglegheiter for endring, vekst og

modning - skal ein klare dette må det ligge faglege premisser bak ei plassering, ikkje økonomiske. I realiteten vil det seie av dette vert att ulik ungdom på bakgrunn av sin situasjon og sine føresetnader, får eit tilbod dei vil kunne ha nytte av og som ikkje vert ei plassering som fungerar som oppbevaring (Larsen, 2004).

Ved å samle ungdommar som vert klassifisert som "åtferd lav" på ein institusjon, vil ein som miljøterapeut ha relativ lik problematikk hjå ungdommene. Institusjonen kan spesialisere seg på - og organisere institusjonen optimalt for å jobbe opp mot denne ungdomsgruppa. Ved å snevre inn brukargruppa, vil ein enklare kunne auke kompetansen på problemområdet (Backe-Hansen, 2011).

Ein annan faktor som kan vere relevant å nemne i den samanhengen her, er at Backe-Hansen (2011) viser til undersøkinga av dei ulike institusjonane i Noreg, og den viser at dei privateigde og kommersielle institusjonane i større grad enn statlege institusjonar, gjer sine tilsette permisjon slik at dei kan ta vidareutdanning for å skaffe seg spisskompetanse knytt opp mot den brukargruppa dei arbeidar med.

Det vil også redusere faren for at ungdommar vert prega av uheldig smitte effekt, når ein delar opp institusjonane. Andreassen (2003) viser til internasjonal forsking der ungdommene sine samspelsvanskar vart oppretthaldne og forsterka som eit resultat av negativ smitteeffekt hjå andre ungdommar på institusjonane.

Som miljøterapeut må ein ha forståing for at ungdomsgruppa er ein arena der ungdommene brukar mykje av tida si(Larsen, 2004). Difor vil ungdomsgruppa få direkte påverknad for den enkelte ungdom og det vil igjen påverke korleis ungdommen fungerar på institusjonen. Og dersom ein då plasserer ein ungdom som høyrer inn under "omsorg", saman med ungdom som høyrer til i "åtferd høg", vil ein risikere negativ smitteeffekt, ein kan tenkje seg at denne ungdommen vert eksponert og introdusert for til dømes narkotika eller alkohol. Hierarkiet er ofte rigid i harde ungdomsmiljø, slik at denne ungdommen kunne følt seg pressa til å gjøre opprør mot personale eller herverk, for å få innpass hjå dei andre ungdommene. Ved å dele opp institusjonane slik at ein får relativ lik problematikk hjå ungdommene, reduserer ein denne uheldige smitteffekten (Backe-Hansen, 2011).

Men samtidig vil dei differensierte institusjonane også kunne hemme det miljøterapeutiske arbeidet. Larsen (2004) skriver at det å jobbe med ungdommen sin familie og nettverk er sentralt i det miljøterapeutiske arbeidet. Institusjonen aleine er ikkje tilstrekkeleg, ein må jobbe med heilskapen og difor må ungdommen sit kvardagsliv, som inkluderer nettverk og familie også inkluderast i det miljøterapeutiske arbeidet - berre Institusjonen som arbeidsområde vert for snevert.

Men det er problematisk å skape eit lokalt institusjonelt tilbod til den enkelte ungdom når ein har delt opp institusjonane etter ulik problematikk. Den direkte konsekvensen av denne differensieringa er at ungdommar vert flytta til ein institusjon som kan ligge langt frå heimen. Det vert derfor vanskeleg for miljøterapeutane å inkludere nettverk og familien i arbeidet med ungdommen. Dersom ein ungdom som bur i for eksempel Mandal vert plassert i ein institusjon på sunnmøre, vil det naturlegvis verte vanskeleg for miljøterapeutane å få jobba opp mot familien og nettverket i særleg grad. Ein vil gjerne ha regelmessige telefonsamtalar med familien og gjerne eit fåtal møter, men ein kan spørje seg om dette er tilstrekkeleg. Og når ein då av geografiske årsaker ikkje får moglighet til å arbeide tilstrekkeleg opp mot familie og nettverk og dermed får eit stort fokus på den institusjonelle delen, jobbar ein då med den politiske hovudoppgåva, som er å gje ungdommen eit tilbod. Eller jobbar ein på den primære miljøterapeutiske oppgåva, som er å tilrettelege for reell vekst, modning og utvikling? (Larsen, 2004).

### **3.2 Differensiering, erfaringa med "Raymond"**

Dei statlege institusjonane er delt opp slik at den enkelte institusjon tek inn ungdom som er under same lovparagraf og dermed har lik problematikk. Men i undersøkingane til Backe-Hansen (2011) fortel majoriteten av leiinga ved institusjonane, at dei likevel tek inn ungdommar på andre paragrafar en dei i utgangspunktet skal ta inn. Undersøkinga viste også at det var vanleg at institusjonane ved enkelte høve tok inn ungdommar som viste seg å verte for krevjande for institusjonen.

Det at ein institusjon som har omsorg som arbeidsfelt, tek inn ein ungdom som burde vore på til dømes åtferd låg kan vere uheldig, og ein faktor som kan påverke det miljøterapeutiske arbeidet. Eg vil gje eit døme frå eigen praksis som illustrerer dette.

På institusjonen var det både ungdommar som var der på omsorgsparagraf og "Raymond", som var plassert etter ein åtferdsparagraf. Det var kveld og det nærma seg leggetid, ein av reglane er at oppholdsrommet til ungdommane skal låsast ei tid før legging, slik at dei får roe seg ned når det nærmar seg legging. Eg hadde låst og Raymod vart provosert fordi han ikkje ville legge seg, men spele tv-spel. Eg forsøkte å forklare Raymod kvifor rommet var låst og viste til at det snart var legging, Raymod truga då med vald og forsøkte å sparke opp døra til oppholdsrommet, noko som skremte dei andre ungdommane på institusjonen. Eg som miljøterapeut i den situasjonen, opplevde eit dilemma som vart vanskeleg å løyse på ein adekvat måte. Eg burde retta all mi merksemd på Raymod, og løyst situasjonen gjennom ein dialog der eg var tydleg på regelverk og at oppholdsrommet ikkje vart låst

opp, samstundes som han kunne fått moglegheit til å sette ord på sin frustrasjon over reglane på institusjonen. Men samstundes hadde eg fleire engstelige ungdommar, som eg måtte ivareta på best mogleg måte. Resultatet vart dermed at eg låste opp døra til oppholdsrommet for Raymod som utagerte, slik at han fekk viljen sin og situasjonen ikkje eskalerte vidare.

Situasjonen roa seg, men dei andre ungdommane fekk likevel ei dårlig oppleving. Og den frustrerte Raymod som testa grenser, fekk ikkje den trygge og konsekvente miljøterapeuten han trengte i den situasjonen. Skal ein framstå som ein trygg voksen overfor ungdommar med åtferdsforstyrningar, må det være rom for utagering og frustrasjon (Larsen, 2004). Men når ein har ungdom med ulik plasseringsgrunnlag i same institusjon, vert dette problematisk. Blandingane av desse ungdommane førte til at eg som miljøterapeut ikkje var i stand til å yte godt arbeid mot nokon av dei.

### 3.3 Turnus

Turnusen var noko av det første eg reflekterte over då eg byrja som miljøterapeut på ein barne og ungdomsinstitusjon. Korleis skal ein klare å bygge ein god og naturlig relasjon med ungdommane i løpet av sju og ein halv time og korleis påverkar det ungdommane at dei skiftar omsorgspersonar tre gonger for dagen.

Backe-Hansen (2011) viser til barnevernsproffane si stortingsmelding, der den ordinære turnusen med tre vaktskift pr døgn vert problematisert. Barnevernsproffane referert i Backe-Hansen (2011, s. 271) skriver følgjande "med nye voksne på jobb flere ganger hvert døgn, blir det mange vaktshifter og stadig nye voksne å forholde seg til - ved frokost, middag og natta. Det blir nesten umulig å knytte seg til de voksne".

Det at ungdommane sjølv skriver at den gode relasjonen og tilknyting blir vanskelig med ein ordinær turnus, seier noko om kor viktig turnusen kan vere for kvaliteten på arbeidet ein utfører som miljøterapeut og kva påverknad den kan ha for den viktige relasjonen. Røkenes og Hansen (2002) skriver om relasjonens viktigkeit og dei tre ulike fasane, som er etablering, vedlikehald og avslutning. For å oppnå den gode relasjonen med ein ungdom på ein institusjon treng ein både tid og kontinuitet. Ein ungdom som har levd eit liv med dårlige relasjonserfaringar vil bruke lang tid på å teste deg som ein trygg voksen før han vil stole på deg (Larsen, 2004). Når ein først har etablert den gode relasjonen, går ein vidare til neste fase, der ein skal vedlikehalde relasjonen og jobbe meir konkret med intensjonen bak relasjonen. Ein vil kunne møte mykje motstand i denne fasen, fordi endring til

noko ukjent er ein skremmande prosess. Både kontaktfasen og vedlikehaldsfasen vil difor kunne vere krevjande og ta lang tid. Ein skal opparbeide ein relasjon der ungdommen får testa ut om ein er ein stabil vaksen som er til å stole på. Og ein skal gå gjennom ein fase der ein skal forsøkje å påverke ungdommen til å gjere radikale endringar av seg som person, ein omstendelig prosess som krev mykje av ungdommen og dermed er det naturleg at det vil krevje mykje tid av miljøterapeuten som skal hjelpe ungdommen gjennom dette arbeidet.

Når ein jobbar på ein institusjon som har ein ordinær turnus, vil det kunne vere ekstra utfordrande å bygge og vedlikehalde den gode relasjonen. Kjem ein på tidlegvakt, rekker ein gjerne å ete frukost med ungdommene dersom dei vil ha frukost og så reiser dei på skule. På dagtid er mykje av arbeidsoppgåvene knytt til daglegdagse gjeremål som vasking av hus og vedlikehald. Det vert lite tid saman med ungdommene. Seinvakta byrjar med personalmøte og overlapping, deretter fellesmåltid og lekser, utover ettermiddagen vil ungdommene gjerne vere saman med venner og liknande. På kvelden når ungdommene kjem attende på institusjonen, sitter gjerne personalet og skriver rapporter og overlappar til nattevakta, som får ein time saman med ungdommene før dei skal legge seg. Ein ser her at på ein typisk arbeidsdag, går det vekk mykje tid til andre gjeremål, og den tida ein får saman med ungdommene vert avgrensa.

Eg har hatt praksis og jobba på institusjon med ordinær turnus, samstundes som eg har jobba på tiltak med medleverturus. Min erfaring er at relasjonen vert meir prega av tidspress i ein ordinær turnus i motsetnad til ein turnus der eg budde saman med og jobba opp mot brukar i fire døgn i strekk. Jaget etter å oppnå noko saman med brukaren i løpet av dei få timane ein har saman i løpet av ei vakt, går utover den rolege og kvardagslege stemninga som ofte vert grunnlaget for dei gode samtalane som skapar den trygge relasjonen.

I eit foredrag av barnevernsproffane fortalte ein av ungdommene at relasjonen mellom ungdommene og miljøterapeutane vart kunstig som eit resultat av turnusen. Dei skildra overhyggelige miljøterapeutar som ville yte mest mogleg med ungdommene den korta tida dei var på jobb, ungdommene lærte seg raskt å "shoppe" av dei tilsette som, som hadde eit ønske om å gjere det best mogleg for ungdommene dei timane dei skulle vere på jobb. Desse ungdommene skildra ein heilt anna oppleving av og kvalitet ved relasjonen når dei hadde budd på institusjonar som hadde medleverturus, der dei tilsette og ungdommene budde saman. Då opplevde dei relasjonen til dei tilsette som sterkare og meir truverdig. Personale viste seg som ekte og truverdige menneskjer, ikkje som serviceinnstilte og travle miljøterapeutar dei kunne manipulere. Andersen (2003) skriver at ein tenkjer seg at medleverturus bidreg til forandring av ungdommene sin identitet som følgje av den

tette kontakten mellom personalet og ungdommane i ein slik turnusordning. Noko som i følgje Larsen (2004) er ei viktig målsetjing i det miljøterapeutiske arbeidet med ungdom.

Helgeland referert i Andreassen(2003, s.112) viser til forsking der ein i ettertid av institusjonsopphald undersøkte korleis det gjekk med ungdommar som hadde vore på institusjonar, kollektiv og i forsterka fosterheimar. Undersøkinga viste at det gjekk betre med dei ungdommane som hadde vore i forsterka fosterheim og kollektiv, enn med dei som hadde budd på tradisjonell institusjon. Desse ungdommane hadde i større grad klart å stoppa den negative utviklinga i livet sitt, gjennom sitt opphold i kollektiv og forsterka fosterheim. Fellestrekka for desse to tiltaks formane var at personalet og ungdommane levde saman som ein familie og ein konkluderte med at forpliktande relasjonar, struktur, grenser og omsorg over fleire år var faktorar som kunne vere årsaka til at det gjekk betre med desse ungdommane en dei som budde på tradisjonell institusjon. Dette stemmer overens med det Tjersland et al. (2013) skriver om viktigheita av stabile relasjonar, struktur og tydelige som føresetnad for å skape indre tryggleik hjå ungdom som har hatt eit kaotisk liv.

Egelund og Jakobsen ( 2011) viser til sin undersøking, der dei utførte kvalitative intervju med ungdommar på institusjon i Danmark. Under intervjuet måtte dei spørje ungdommane konkret om personale, fordi dei vart ikkje nemnt av ungdommane - dei beskrev andre ungdommar på institusjonen som dei viktige. Og på spørsmål om personale, beskriver dei personale som diffus og omskiftande, og derfor syntes ikkje ungdommane det meiningsfullt å inngå ein forpliktande relasjon med personale.

Barnevernsproffane referert i Backe-Hansen (2011) skriver til slutt i sin stortingsmelding at stadige vaktskifte i løpet av dagen fører til auka grad av rømming og bruk av rusmidlar, fordi personalet vert utilgjengelig i lengre periodar. Slik ser ein ser at ein ordinær turnus kan hemme det miljøterapeutiske arbeidet, fordi det vert vanskeleg å bygge ein solid og truverdig relasjon og ein får mindre tid saman med ungdommane fordi ein betydelig del av arbeidsdagen går med til overlapping og rapportskriving. På same tid det kan opne opp for ulovlige aktivitetar som kan vere direkte helseskadelege for ungdommane på institusjonen.

Jones, Landsverk og Roberts (2007) skriver i sin artikkel om forskjellar i kvaliteten på tilknyting og stabilitet på institusjonar der ein har både medlever og ordinær turnus. Dei konkluderer med at i deira undersøking er det meir kontinuitet i tilknytinga mellom miljøterapeut og ungdom i institusjonar med medlever, men poengterar at kvaliteten på relasjonen er kanskje like viktig som kontinuitet. Dei viser også til at noko med tanken bak medlever er at det skapar meir naturlege omgjevnadar som minner om ein autentisk heim, noko som kan vere med å redusere traumer barn og unge opplever når dei vert flytta frå heimen sin. Men dei viser også til kritikk av medlever, der ein

viser til at sjølv om ein prøver å etterlikne ein vanleg heim, vert det likevel ein kunstig setting. Ein har gjerne fleire ungdommar i same alder i slike tiltak, noko som er unaturleg. Andre element i eit tiltak med medleverturhus som ein meinar forhindrar ein i å skape ein naturleg heimesituasjon, er til dømes det at ein har lås på kjøleskap og frys, veldig strukturerete dagar med timeplan og meny for heile veka. Det krev strukturering i ein slik grad at ein hemmar den autentiske heimesituasjonen, det opplevast likevel som ein institusjon (Jones et al, 2007).

### 3.4 Varighet på opphald

Varigheita på opphaldet i barne og ungdomsinstitusjonar har endra seg etter barnevernsreforma i 2004. Utviklinga har gått i retning av kortare institusjonsopphald enn tidligare, då ungdommane kunne bu på institusjon i fleire år. I dag er føringane frå 3 til 9 månadar, men opptil eit år. Årsaka til denne endringa er primært at ein tenkjer seg at institusjonsopphald kan ha ei potensial negativ smitteffekt på ungdommane, dersom dei vert buande på institusjon over lengre tid. (Backe-Hansen (2011). Men ein kan også stille spørsmål om denne vridinga også har er økonomisk motivert, kortare institusjonsopphald fører til effektivisering og kostnadsreduksjonar. Noko som er viktige element i NPM.

Andreassen (2003) viser også til undersøkingar der ein konkluderer med at vedvarande kontakt med annan avvikande ungdom er årsaka til at ungdommar har utvikla seg negativt under institusjons opphold. Ein tenkjer seg at negative venneforhold fører til oppretthalding og utvikling av antisocial åtferd. Desse studiane viser at ein må vere bevist på lengd av opphaldet på institusjonar som har åtferd lav og høg, då negative relasjonar med annan avvikande ungdom er høgst reelle i slike institusjonar.

Men varighet på opphald kan sjåast på frå eit anna perspektiv. Den primære miljøterapeutiske oppgåva er å legge til rette for vekst og utvikling hjå ungdommen. Vidare har eg skildra trekk ved ungdom som har samspelsforstyrningar og kvifor desse ungdommane er krevjande å jobbe med. Ein kan derfor spørje seg om eit institusjonsopphald på til dømes ni månader er tilstrekkeleg for å løyse den primære miljøterapeutiske oppgåva? Kor mykje får ein gjort med ungdom som har utvikla samspelsvanskar i løpet av eit institusjonsopphald som varer under eit år?

Eg vil trekke fram eit døme frå eigen praksis, der eg var med å jobba tett opp mot ein ungdom i ti månader. Det tok lang tid før vi klarte å etablere ein god relasjon med denne ungdommen, som var

veldig misstenksam og avvisande til personalet på institusjonen, det gjekk framover, men veldig sakte. Ein gong spurte ungdommen meg om vi skulle sitte i sofaen å sjå eit fjernsynsprogram saman. Det var viktig for ungdommen at eg sat rett attmed og eg kunne tydeleg sjå at denne ungdommen kosa seg og slappa av fordi relasjonen mellom oss var av ein slik grad at ungdommen klarte å sitte attmed ein voksen og samstundes kjenne seg trygg. For meg vart dette ein milepål i det miljøterapeutiske arbeidet. Dette var etter ni månader på institusjon og ein månad før denne ungdommen skulle flytte ut.

Ein kan spørje seg om opphaldet på ti månadar er tilstrekkeleg når ein kan bruke nesten eit år på å etablere ein god og trygg relasjon. Kan det vere at sjølv om institusjonen kan ha negativ smitteeffekt på bebruarane, so kan ungdommane likevel profittere på eit lengre opphald, slik at dei er betre rusta til å tåle kvarldagen som kjem etter institusjonsophaldet.

Ein erfaren miljøterapeut sa til meg ein gong at ho hadde tenkt over kva det relativt korte institusjonsophaldet førte til med tanke på både personalet og ikkje minst ungdommen sitt syn på opphaldet. Om den korte tida ungdommen skulle bu der, førte til at både ungdom og personale mista trua på at endring faktisk var mogleg i løpet av nokre få månader.

Egelund og Jakobsen (2011) beskriver hierarkiet internt i ungdomsgruppa på ein institusjon som krevjande for ungdomar i starten av eit opphald. I sitt forsøk på å stige i rangen internt i ungdomsgruppa kan ungdommar starte konfliktar og utagere mot personale, for å vise lojalitet mot gruppa. Og dei skriver at det å tilegne seg ein høg og stabil posisjon i hierarkiet er tidkrevjande og tek so mykje tid og energi av den enkelte ungdom, at dei ikkje klarar å konsentrere seg om miljøterapeutane og deira planar for utvikling og modning. Ein ser at ungdomsgruppa kan ha ein uheldig smitteeffekt i form av utagering mot vaksne for å oppnå sosiale posisjonar. Men ein ser også at den sosiale prosessen ungdommane må gjennom, kan ta mykje av deira resursar i starten av eit opphald. Og dersom opphaldet er kortvarig, er det ikkje sikkert ungdommen er klar for å gå inn i stabile relasjoner med personale før opphaldet skal avsluttast.

### 3.5 Val av arbeidsmetode

Etter forvaltningsreforma i 2004, har det også vorte eit auka fokus på evidensbaserte metodar, systematiske og målretta arbeidsmodellar og meir dokumentasjon i arbeidet (Backe-Hansen, 2011).

Målstyrt miljøterapi er ein arbeidsmetode som er utvikla som eit resultat av denne endringa, og som er tatt i bruk ved den institusjonen der eg hadde min praksis.

I målstyrt miljøterapi setter ein klare og formulerte hovudmål og delmål for kvar enkelt ungdom, ein sender inn rapportar kvar veke og større rapportar kvart kvartal. Ein oppsumerar framgang, barrierar og lagar nye mål. Målet med metoden er å få eit meir målretta og strukturert arbeid som vert godt dokumentert og ein har fokus på risikofaktorar og systematisk arbeid knytt til desse.

Larsen (2004) påpeikar også at det er viktig at den primære miljøterapeutiske oppgåva er tydlig formulert, dette av fleire årsaker. For det første, dersom oppgåva ein skal løyse er tydleg formulert har ein moglegheit til å spørje seg sjølv om ein faktisk jobbar med den konkrete oppgåva, eller om ein jobbar med ikkje-reflektere og ubeviste oppgåver. Vidare vil ein med ei tydleg formulert miljøterapeutisk oppgåve gjere det mogleg å lage konkrete avtalar med ungdommen og samarbeidspartnarar om kva ein skal jobbe med. Målstyrt miljøterapi er ein arbeidsmodell som vil hjelpe ein å halde fokus på dei miljøterapeutiske utfordringane som skal prioriterast.

Samtidig må ein vere bevigd på enkelte faremoment med ein slik arbeidsmetode. Larsen (2004) poengterar at dersom ein som miljøterapeut vert for systematisk i sitt arbeid og ein bestemt modell og tenkjemåte pregar arbeidet i stor grad, kan det påverke den gode relasjonen og ein kan risikere å ikkje sjå og forstå dei individuelle behova som ungdommen har, fordi ein som miljøterapeut tenkjer for standardisert og metodeprega. I mange situasjonar må metoden skapast i møte med, og saman med ungdommen for å oppnå resultat.

I min praksis opplevde eg at ein ungdom kom til meg å spurte om eg kunne lage suppe. Eit av hovudmåla som til denne ungdommen var betre praktisk fungering, der matlagning var ein del av det. Ein skulle jobbe mot at ungdommen klarte praktiske gjeremål sjølv. Eg sa derfor at ungdommen kunne lage suppe, eg forklarte kor nødvendige ingrediensar var, forklarte framgangen og oppfordra ungdommen til å prøve sjølv. Det viste seg at ungdommen aldri hadde laga mat før, og hadde ikkje dei grunnleggande kunnskapane som ein trenger for å lage mat. Derfor var det ikkje tilstrekkeleg at eg forklarte kor dei forskjellige tinga var og forklarte. Eg måtte lage suppa saman med ungdommen og til dømes vise korleis ein leste av på eit litermål, for at ungdommen var i stand til å lære noko i den situasjonen. Eg tenkte og handla ut frå dei formulerte måla som var oppsett for denne ungdommen og vidare tenkte eg tradisjonelt og standardisert når eg forklarte korleis ein laga maten. Først når eg verkeleg oppdaga kva behov ungdommen hadde i den situasjonen og tilpassa min framgangsmåte - oppnådde vi resultat.

Eit siste moment med ein slik arbeidsmodell er tidsaspektet. Eg har tidligare vore inn på at både turnusen og varigheit på opphold kan føre til at ein ikkje får ein tilstrekkeleg relasjon med ungdommen og at ein ikkje får oppnådd adekvat endring og modning hjå ungdommen før opphaldet er ferdig. Ein siste faktor som kan påverke dette, er at målstyrt miljøterapi og liknande arbeidsmodellar krev mykje tid til dokumentasjon og papirarbeid. Det tek mykje av ein miljøterapeut si effektive arbeidstid når ein skal skrive døgn, veke og kvartalsrapport. Den tida ein må bruke på kontoret til dokumentasjon, er verdifull tid saman med ungdommen som går tapt.

## 4. Oppsummering

I denne oppgåva har eg sett på korleis ulike faktorar kan hemme og fremje det miljøterapeutiske arbeidet på ein statlig ungdomsinstitusjon.

Med utgangspunkt i Larsen (2004) handlar miljøterapi om at institusjonen skal vere tilrettelagt for- og miljøterapeuten skal legge til rette for at ungdommane sjølv skal vere problemløysarane i sitt eige liv.

Tjersland, Engen og Jansen (2013) har laga ti sentrale trekk som dei meinar er viktige i godt miljøterapeutisk arbeid, nokre av desse er: Å etablere og utvikle god kontakt, å ha kjennskap til seg sjølv og korleis dei erfaringane ein har med seg frå eige liv fargar det ein ser og opplever som profesjonell. Det å tåle provokasjon og aggressjon på ein konstruktiv måte og det å ha ein interesse eller lidenskap ein kan introdusere for ungdommane.

Eg har gått gjennom relasjonskompetanse med utgangspunkt i Røkenes og Hanssen (2002), og profesjonell relasjonskompetanse er i korte trekk å forstå og samarbeide med ungdommen på ein konstruktiv og hensiktsmessig måte som opprettheld det overordna målet ein har med relasjonen.

Eg har sett på differensiering av institusjonane som ein organisatorisk faktor som kan påverke det miljøterapeutiske arbeidet. Eg har vist til at ved å samle relativ lik problematikk, vil ein lettare kunne samle kompetanse til å jobbe direkte mot denne ungdomsgruppa og ein reduserer faren for negative smitteeffekt internt i ungdomsgruppa. Men differensiering kan også ha negativ effekt på det miljøterapeutiske arbeidet, fordi ein ikkje klarar å oppretthalde lokale tilbod til ungdommane.

Eg har vist til undersøkingar som viser at institusjonar tek inn ungdom under andre lovparagrafar en dei i utgangspunktet skal ta inn, og eg har brukt døme frå eigen praksis for å illustrere dei negative konsekvensane det kan føre til .

Eg har problematisert den ordinære turnusen og vist til forsking der ungdommar seier at dei ikkje klarar å knyte seg til personale på ein god måte. Eg viser også til ein undersøking som viste at ungdom som hadde budd på institusjonar med medleverturus, klarte seg betre etter institusjonsopphaldet enn ungdom som budde på institusjon med ordinær turnus - her konkluderte ein med kontinuitet og stabile, forpliktande relasjonar som noko av årsaka. Samstundes meinar nokon at den enkelte ungdom brukar lang tid på å få innpass og tilegne seg ein god posisjon i hierarkiet i ungdomsgruppa, og i denne prosessen klarar ikkje ungdommane å etablere ein god relasjon med miljøterapeutane. Eg har også vist til eit døme frå eigen praksis der ein hadde klart å oppnå litt, men ikkje tilstrekkeleg framgang når ungdomen skulle flytte ut.

Til slutt har eg sett på ein av arbeidsmodellane som vert nytta i institusjonane i dag. Fordelane med ein slik arbeidsmodell er strukturert og målretta arbeid. Men samstundes må ein passe på at ein ikkje tenkjer for standardisert og systematisert. Eg har også påpeikt at denne arbeidsmodellen krev mykje tid til dokumentasjon og papirarbeid, noko som går utover verdifull relasjonsbygging saman med ungdommane.

Ein ser at miljøterapeutisk arbeid er vanskelig, dei ulike faktorane som eg har sett på i mi oppgåve, kan både hemme og fremje godt miljøterapeutisk arbeid.

Å finne ei optimal løysing er nok ei vanskeleg oppgåve, men det er viktig at ein er bevisst på korleis dei ulike faktorane kan påverke arbeidet vårt, slik at ein heile tida kan forsøkje å optimalisere og gjere det beste ut av det ein har til rådighet. Ungdommane som vert plassert på institusjonane er sårbare og denne plasseringa er ofte siste plassering før dei vert vaksne og skal klare seg sjølve. Ein må derfor som miljøterapeut gjere det beste ut av situasjonen slik at ungdommane er i stand til å fungere i samfunnet når opphaldet på institusjonen er avslutta.

## 5. Referanseliste

Andreassen, T. (2003). Behandling av ungdom i institusjoner: *hva sier forskingen?*. Oslo: Kommuneforlaget

Backe-Hansen, E. (Red). Bakkeiteig, E., Gautun, H., & Grønningsæter, A.(2011). Institusjonsplassering: *Siste utvei?*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring

Egelund, T., & Jakobsen,T. (2011). Døgninstiutionen - *modsætninger og strategier når børn og unge angringes*.København: Hans Reitzels Forlag

Hanssen, G. Helgesen, M., & Vabo, S.(2011). Politikk og demokrati: *En innføring i stats- og kommunalkunnskap*. Oslo: Gyldendal akademisk

Jones, L. Landsverk, J., & roberts, A. (2007). A Comparison of Two Caregiving Models in Providing Continuity of Care for Youth in Residential Care. <http://link.springer.com/article/10.1007/s10566-007-9033-3#page-1>

Tjersland, O. Engen, G. , & Jansen, U. (2013). Allianser: Verdier, teorier og metoder i miljøorientert terapi med barn og unge. Oslo: Gyldendal akademisk

Larsen, E. (2004). Miljøterapi med barn og unge: *Organisasjonen som terapeut*. Oslo: Universitetsforlaget

Røkenes, O. , & Hanssen, P. (2002). Bære eller briste: *Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget

